



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
11.12.2017	146866/2017	Stig Helle-Tautra

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	13.06.2018

Driftsstatus for fylkesvegferjesambanda i Møre og Romsdal 2017

Bakgrunn

Fylkesrådmannen vil i denne saka presentere eit oversyn over driftssituasjonen i 2017 for alle fylkesvegferjesambanda i Møre og Romsdal. Saka omhandlar trafikktal, trafikkutvikling og regularitet. Riksvegferjestrekningane er med i oversikta for å gje eit heilskapleg bilde av ferjesituasjonen i fylket. Foreløpig disponeringsplan og reserveferjeplan for 2018 ligg vedlagt saka.

Ferjesambanda har blitt gjennomgått med tanke på det totale talet frakta kjøretøy i 2017, og korleis denne utviklinga har vore samanlikna med føregåande år (2016). Trafikktala er vist i både kjøretøy og personbileiningar (PBE).

Ein har òg sett på attståande kjøretøy, og kor stor del av totalt frakta kjøretøy dette utgjorde per samband. Attståande kjøretøy, og prosentvis attståande av totalt frakta kjøretøy blir vist med tanke på måltal i «Ferjestrategi for Møre og Romsdal 2006-2015» som seier at talet på attståande kjøretøy ikkje noko år skal vere høgare enn maksimumsnivået i standarden på 2 prosent.

Ein nyttar i NTP samanheng «servicenivå» som eit måltal i staden for attståande. Servicenivået i eit samband er utrekna som 100 minus prosentvis attståande. Dette er nytt i tabellen over regularitet, slik at ein har oversikt over servicenivået og regularitet samla.

Regularitet er vist i prosent på bakgrunn av innstilte avgangar sett i høve til gjennomførde avgangar i løpet av eit år. Ein må her ta i betraktning at eit samband med fleire kaier enn to, vil kome därlegare ut, sidan ein innstilt rundtur vil innehalde meir enn to innstilte avgangar. Samstundes kan man på eit slikt samband utføre avgangar der to eller fleire kaier kan anløpast sjølv om andre anløpskaier er innstilt. Vi har derfor nyttta talet på avgangar og ikkje rundturar.

Alder på hovudfartøyet er vist i form av byggear, men der det er fleire ferjer er årstalet eit avrunda snittårstal. Ein har valt å rangere sambanda i høve til regularitet på grunnlag av alle innstillingar, då dette vil gje eit meir korrekt bilet over kor ofte dei reisande vil oppleve «stengd veg». Dette inkluderer innstillingar som følgje av forhold operatøren ikkje rår over, som værforhold. Slike innstillingar er rekna som «Force majeure», og ikkje gir grunnlag for trekk i vederlag.

Vurdering

Tabell over trafikkmengde og attst  ande

Samband	�DT	PBE	Kj�ret�y	% +/-	Attst��ande kj�ret�y	%
Molde - Vestnes	4312	1 573 941	843 059	+0,5	15 532	1,8
Hareid - Sulesund	3356	1 224 907	842 596	+1,5	6801	0,8
Fest��ya - Solav��gen	3243	1 183 634	658 600	+0,6	1133	0,2
Sykylven - Magerholm	3223	1 176 219	857 525	+2,1	2790	0,3
�farnes - S��lsnes	2493	910 109	457 294	+3,0	4052	0,9
Halsa - Kanestr��m	2439	890 148	470 984	+4,6	10 426	2,2
Aukra - Hollingsholmen	1519	554 259	393 765	-3,7	379	0,1
Volda - Folkestad	1222	446 107	270 063	-2,9	288	0,1
Seivika - T��mmerv��g	1058	386 347	272 800	+3,1	2374	0,9
Eidsdal - Linge	856	312 260	229 840	+3,0	22 181	9,7
Stranda - Liabygda	832	303 592	192 074	+5,2	2648	1,4
�rvika - Koparneset	772	281 808	198 397	+0,5	317	0,2
Kvanne - Rykkjem	708	258 349	167 824	+1,7	436	0,3
Solholmen - Mordalsv��gen	685	250 155	194 777	-0,4	302	0,2
Brattv��g-Dryna-Nord��yane	509	185 868	131 044	+3,6	809	0,6
Skjeltene - Hrams��ya	491	179 329	141 827	+2,6	439	0,3
Ed��ya - Sandvika	470	171 374	119 309	+4,7	457	0,4
Volda - Lauvstad	422	153 919	120 564	+1,2	109	0,1
Larsnes - Kvams��ya	227	82 925	64 442	-1,9	257	0,4
Arasvika - Hennset	167	61 018	40 515	+1,3	4	0,0
Fest��ya - Hundeidvika	144	52 458	30 928	+6,1	1	0,0
S��b�� - Leknes - Sk��r	127	46 430	35 363	+2,4	45	0,1
Onaruta	77	28 286	21 071	+2,7	131	0,6
Molde - Sekken	65	23 623	19 296	+3,5	29	0,2

Tabellen syner  rsd gntrafikk ( DT) basert p  personbileiningar (PBE), Totalt frakta PBE og kj ret y i 2017. Korleis utviklinga har vore gjennom  ret blir presentert i prosent oppgang/nedgang i h ve til talet kj ret y i 2016. Talet p  attst  ande kj ret y og prosentvis attst  ande av det totale talet p  frakta kj ret y er lista opp til slutt.

Tabell over regularitet og alder p  hovudfart y


Samband	Regularitet i %	Service niv� i %	Innstilte avgangar	Tal p� avgangar	Byggear
Arasvika-Hennset	100,0	100,0	0	13 284	1963
Solholmen-Mordalsv��gen	100,0	99,8	2	19 806	1978
Ed��ya-Sandvika	100,0	99,6	2	12 913	2012
Seivika-T��mmerv��gen	100,0	99,1	8	20 096	1979
�rvika-Koparneset	99,9	99,8	12	23 146	1977
Volda - Lauvstad	99,9	99,9	9	11 255	1992
Molde - Sekken	99,9	99,8	5	5 200	1964
Kvanne-Rykkjem	99,9	99,7	29	23 390	1977
�farnes-S��lsnes	99,9	99,1	37	28 963	2004
Sykylven-Magerholm	99,8	99,7	65	39 102	2006 *
Stranda-Liabygda	99,8	98,6	40	23 816	1975
Aukra-Hollingsholm	99,8	99,9	40	23 198	2003
Sm��qe-Orta-Finn��ya-Sand��ya-Ona	99,8	99,4	27	11 666	2011
S��b��-Leknes-Sk��r	99,7	99,9	45	17 708	1968
Hareid-Sulesund	99,7	99,2	96	30 449	1995 *
Brattv��g-Dryna-Fjertofta-Har��ya	99,7	99,4	68	21 216	2005
Larsnes-��ram-Voksa-Kvams��ya	99,7	99,6	71	20 813	1977
Hundavika-Fest��ya	99,6	100,0	35	9 672	1976
Eidsdal-Linge	99,6	90,3	94	25 830	1979
Skjeltene-Lep��ya-Harams��ya	99,0	99,7	256	26 707	1978

Tabellen syner regularitet m lt i prosent av gjennomf rte avgangar og talet instilte avgangar, samt byggear for hovudfart y. *1 Snittalder p  fart y i sambandet, avrunda. *2 Det er ikkje tatt omsyn sommerproduksjon med fleire ferjer i h ve til byggear.

 rsd gntrafikk, trafikkutvikling og attst  ande kj ret y.

Ein har i alle ferjesambanda i M re og Romsdal i 2017 totalt frakta om lag 6,774 mill. kj ret y og 13 mill. passasjerar (f rar av kj ret y er medrekna), og det var registrert 71 940 attst  ande kj ret y. Talet p  frakta kj ret y har g tt opp i h ve til 2016 med om lag 1,4 prosent.

Ser ein på PBE så har auken vore på 1,9 prosent, som er 0,4 prosent over fylkessnittet i trafikkanalysane til Asplan Viak (2014-2028), som vert brukt som ein del av grunnlaget for nye ferjeanbod. Møre og Romsdal fylkeskommune har tidligare sett avvik i høve til desse analysane og har difor henta inn grundigare analyser frå Møreforsking for kvar enkelt anbodspakke.



Grafen syner prosentvis endring målt i personbileiningar frå 2016 til 2017. Same figur ligg som vedlegg til saka, der òg snittveksten i perioden 2007 til 2017 er lagt til.

Ser ein isolert på dei fylkeskommunale sambanda har auken i talet på kjøretøy vore på 1,7 prosent eller om lag 74 000 kjøretøy. For attståande kjøretøy har det vore ein oppgang på 12,9 prosent som tilsvara om lag 5000 kjøretøy. Det er no om lag 1 prosent attståande kjøretøy av totalt frakta kjøretøy for dei fylkeskommunale sambanda, mot 0,94 prosent i 2015 og 0,89 prosent i 2016. Det er slik sett eit stabilt førehaldstal mellom attståande kjøretøy og totalt frakta kjøretøy på fylkesvegferjesambanda. På riksvegferjene har trafikkveksten vore på 0,9 prosent i talet på kjøretøy, medan attståande kjøretøy har auka med over 40 prosent frå 2016 til 2017. Dei nye ferjebanane på fylkesveg vert fasa inn frå 2019, der ein for fleire samband vil få ei kapasitetsauke.

Dei fire største sambanda i fylket med ein årsdøgntrafikk på over 3000 PBE er Molde-Vestnes, Hareid-Sulesund, Festøya-Solavågen, og Sykkylven-Magerholm. Av desse er det Sykkylven-Magerholm som har høgast trafikkauke (+2,1 prosent), etterfølgt av Hareid-Sulesund (+1,5 prosent) når det gjeld talet på kjøretøy. Dei to riksvegsambanda har ein meir beskjeden auke.

Det er 2 samband med trafikkauge over 5 prosent rekna i talet på kjøretøy. Dette er dei fylkeskommunale ferjesambanda Stranda-Liabygda (+5,2 prosent) og Festøya-Hundeidvika (+6,1 prosent).

Ein bør òg merke seg at sambandet Edøya-Sandvika har ein auke på 4,7 prosent i talet på kjøretøy, og ein liten oppgang i talet på attståande kjøretøy. Sambandet Aukra-Hollingsholmen har ein nedgang på 3,7 prosent i talet på frakta kjøretøy, der talet på attståande og er minkande.

Sølsnes-Åfarnes

I sambandet Sølsnes-Åfarnes har ein kontraktsfesta to ferjer i sambandet i perioden 15 juni -28 august samt 3 dagar produksjon i samband med pinsa. Ein gjorde for 2017 eit oppkjøp av ekstra produksjon med to ferjer, slik at ein hadde to ferjer i perioden 12. juni til 17. september.


Kapasitetskravet for andre ferje er i kontrakten 60 PBE, men ein endra dette til 80 PBE i same endringsordre. Ferjene gjekk i denne perioden med 20 minuttars frekvens slik opsjonsrutetabellen for fast toferjeløysing er lagt opp.

Talet på attståande kjøretøy var i 2016 på 2363 medan ein i 2017 hadde totalt 4052 attståande kjøretøy. Det vart etter vedtak i samferdselsutvalet (SA-49/16 og SA-13/17) sendt over varsel til operatør om utløysing av kontraktsfesta toferjeopsjon, med eit års varslingstid. Det vart gjennomført forhandlingar med operatør med føremål og forlenge toferjeløysinga frå sommarproduksjon slutt den 17. september til oppstart fast toferjeløysing, men ein oppnådde ikkje einigheit om vilkår og pris. Samferdselsutvalet vart orientert om dette i sak SA-47/17.

Fast toferjeløysing har hatt oppstart 15. februar 2018 og ein har no lik rutetabell med to ferjer heile året. Nattferjeavgangane er forlenga til 1. mai 2019.

Stranda-Liabygda

I sambandet Stranda-Liabygda vart det før sommaren 2017 sett i verk forhandlingar med operatør, med bakgrunn i vedtak i samferdselsutvalet (sak SA 21/17 Kapasitetsauke rute 14 Stranda-Liabygda), om to ferjer i sommarsesongen.



Tabellen syner prosent attståande av totalt frakta kjøretøy i perioden mai-august 2016 og 2017. Ein kom til semje med operatør om drift av to ferjer i sommarsesongane ut kontraktsperioden.

Denne perioden var i 2017 frå 1. juni til 31. august, men vert for 2018 og 2019 utvida slik at det vil vere to ferjer frå 18. mai til 31. august. Det er utarbeidt ein rutetabell for sommarproduksjon med 20 minuttars frekvens som er vedtatt i sak SA-58/17 «Ruteendringar 2018»

Det vart i sak U-71/17 «Finansiering av kapasitetsauke på rute 14 Stranda-Liabygda» presisert at dette delvis skal finansierast gjennom auka takstar (to takstsoner i påslag) i perioden med drift av to ferjer.


Ser ein på attståande kjøretøy i sommarperioden mai til august, ser ein at andelen attståandekjøretøy av totalt frakta kjøretøy har gått ned frå 2016 til 2017. Når ein veit at trafikken samstundes har auka med over 6000 kjøretøy i same perioden mai-august, så ser ein at oppkjøpet har vore naudsynt og hatt god effekt.

Sambandet har, som nemnt før i saka, hatt ein auke på 5,2 prosent i talet på frakta kjøretøy frå 2016 til 2017. Sambandet hadde i 2016 2,5 prosent attståande kjøretøy av totalt frakta kjøretøy, men er for 2017 nede i 1,4 prosent.


Eidsdal-Linge

I sambandet Eidsdal-Linge vart det i 2017 utført ekstra produksjon på lik linje med 2016, samt ei ytterlegare utviding med drift av to ferjer helgane i veke 35, 37 og 38 i september månad. Det vil seie at det var to ferjer i sambandet frå 18. mai (kontraktsfesta frå 1. juni) til 1. juli når det vart sett inn tre ferjer. Perioden med tre ferjer vart utvida frå 31. juli til 14. august. Det gjekk deretter to ferjer fast i sambandet fram til 3. september. Helga i veke 36 var prega av mange attståande kjøretøy, slik at ein såg det som naudsynt å sette inn to ferjer på helg i veke 37 og 38.

Trafikken i sambandet auka med over 4000 kjøretøy i perioden mai-august 2017 samanlikna med same periode i 2016. Trass i auka produksjon førte dette til ein auke i attståande kjøretøy frå 2016 til 2017. I perioden mai til august sto 13,9 prosent av totalt frakta kjøretøy igjen på kaia, mot 12,4 prosent i same periode i 2016.



Juli månad er månaden med mest attståande kjøretøy, og ein ser innsetting av ei fjerde ferje i sambandet i juli månad som einaste alternativ til å imøtekomme dette på kort sikt.



Tabellen syner attståande kjøretøy i vekene 18 til 39, der fellesferien var i veke 28-30.


Fellesferien i 2017 var i veke 28, 29 og 30. Fellesferien for 2018 er i same vekenummer. Ein ser difor det som aktuelt å sette inn ei fjerde ferje i desse tre vekene fram mot nytt anbod.

Seivika –Tømmervåg

Attståande kjøretøy har auka betrakteleg i sambandet Seivika-Tømmervåg, frå 916 til 2374 kjøretøy i 2017. Talet på frakta kjøretøy har i same periode auka med 3,1 prosent. Basert på tilbakemeldingar frå reisande og operatøren, så kan denne auken forklarast med ein auke i transport av gass, som innebar restriksjonar på passasjertalet når gasstransporten er om bord. Dette skuldast manglande slukkesystem på ferjene som opererte i ruta.

Fylkesrådmannen la i samferdselsutvalet 4. mai fram eit notat «Svar på spørsmål i tilknyting til transport av farleg last (gass) i sambandet Seivika-Tømmervåg». Der informerte ein om mogelege tiltak og pris på å montere slukkesystem på ei av ferjene. Kostnaden til anlegget vart tatt over ramma til samferdsel. Endringsordre der reiarlaget forplikta seg om å ha ei ferje med slukkesystem i A-rute avgangane vart signert 23. mai 2017.

Frå juli månad vart transportørane av gass beden om å nytte bestemte avgangar fram til ei ferje med slukkeutstyr var på plass om hausten 2017.



Grafen syner attståande kjøretøy i 2016 og 2017 i sambandet Seivika-Tømmervåg

Som ein ser av grafen over så virka dei tiltaka som vart satt i verk av Møre og Romsdal fylkeskommune i juli månad. Attståande kjøretøy fall og stabiliserte seg fram til ferje med slukkesystem var på plass. Auken i attståande kjøretøy i sambandet i 2017 er dermed venta å verte redusert i 2018, og fylkesrådmannen ser det ikkje naudsynt med fleire tiltak.

Regularitet.

Regularitet er eit måltal som seier noko om talet innstilte avgangar i høve til talet gjennomførte avgangar i ein periode. Snittalderen på ferjene i Møre og Romsdal var omlag 25 år i 2017, men ser ein isolert på fylkesvegferjesambanda så er snittalderen 28 år.

Trass i ein høg alder på ferjeflåten i Møre og Romsdal hadde 19 av 20 fylkesvegferjesamband ein regularitet på 99,5 prosent eller betre. Om lag halvparten av fylkesvegferjesambanda (9 samband) hadde ein regularitet på 99,9 prosent eller høgare, og snittalderen på ferjene i dei sambanda ligg på om lag fylkessnittet.

Totalt sett vart det utført om lag 408 000 avgangar på våre ferjestrekningar og om lag 900 avgangar vart innstilt i 2017. Om lag 300 av dei innstilte avgangane kan ikkje lastas operatørane i ferjesambanda, men er knytt til eksempelvis dårlig værtihøve.

Dei 9 sambanda med høgst regularitet (over 99,9 prosent) hadde til saman 104 innstilte avgangar. Dette er i snitt om lag 0,9 instilte avgangar i månaden for kvart av sambanda. Til samanlikning hadde dei sambanda med regularitet på under 99,9 prosent (11 samband), 837 instilte avgangar som i snitt per samband blir om lag 6,3 avgangar i månaden.

Regulariteten totalt for Møre og Romsdal fylke var på 99,8 prosent i 2017, og det er stabilt i forhold til tidlegare år.

Totalt er det utstedt trekk på om lag 5,6 mill. kroner for alle fylkesveg ferjesambanda i Møre og Romsdal. Dette er trekk som er knytt til manglar i produksjon som innstilte avgangar, men også til andre høve som til dømes bruk av reserveferje og responsid.

Økonomi

Årsoppgjør for 2017 for fylkesvegferjesambanda er utarbeida av kontraktsforvaltar Statens Vegvesen region midt.

Ved utrekning av venta kontraktsbeløp i årsoppgjøret for 2017 vart det stipulert at ferjeindeksen blei 103,33 for 2017. Faktisk ferjeindeks vart 103,95 i 2017, som var ein auke på 0,6 prosent sett i høve til årsrekneskapen. Utvikling i konsumprisindeksen var kjent når årsrekneskapen til fylkeskommunen vart ferdigstilt og endringane er såleis tatt omsyn til der. Slik var prognosene når budsjettet for 2017 vart satt opp:

2017	Ferjeindeks	KPI
Prognose	97,9	106,2
Faktisk	104,0	105,5
Differanse	6,1	-0,7

Tabellen syner prognose og faktisk ferjeindeks/kpi med tilhøyrande kontraktsum.

I årsrekneskapen for 2017 var det berekna at ferjekostnaden vart 453,4 million kroner. Når en tek omsyn til auke i endelig ferjeindeks er det venta en kostnad på 3,1 million kroner høgare enn årsrekneskapen til Møre og Romsdal Fylkeskommune. Trekka er høgare enn kostnadsauken, så indeksavvike er soleis finansiert. Fylkesrådmannen ser at ferjedrifta er utsatt for betydeleg risiko knytt til utvikling i kostnadsindeksane og små variasjonar på indeks føre til endringar på fleire millionar på kontraktane.

Konklusjon

Det er 14 fylkeskommunale samband med vekst over 1,4 prosent (fylkessnitt i trafikkanalyse 2014-2028) i 2017 sett i høve til 2016, målt i personbileiningar. Det er frakta om lag 74 000 fleire kjøretøy, og talet på attståande kjøretøy har i same periode auka med om lag 5000 kjøretøy.

Det er no berre eit samband som er registrert med 2 prosent eller meir attståande kjøretøy av totalt frakta kjøretøy. Sambandet Eidsdal-Linge hadde i 2017 9,7 prosent attståande kjøretøy av totalt frakta kjøretøy. Dette sambandet har hatt ein auke i attståande kjøretøy dei siste åra trass i auka oppkjøp med to og tre ferjer.

Det er utløyst to ferje opsjon i sambandet Åfarnes-Sølsnes, og satt inn to ferjer i sambandet Stranda-Liabygda om sommaren. Det er òg inngått avtale om at ein i A-ferjeavgangane på Seivika-Tømmervåg skal ha ferje som ikkje får redusert passasjertalet som følgje av gasstransport. Nokre av desse tiltaka har allereie hatt effekt i 2017, men alle vil få full effekt i 2018.

Regulariteten for fylkesvegferjesambanda i Møre og Romsdal i 2017 er på 99,8 prosent. Det er gjennomført om lag 408 000 avgangar og 941 avgangar er registrert ikkje gjennomført.

Årsoppgjeret for 2017 for fylkesvegferjedrifta viser at Møre og Romsdal fylkeskommune har ein ekstrakostnad på om lag 3,1 mill. kroner i forhold til avsetning i fylkeskommunen sin årsrekneskap. Samstundes har fylkeskommunen trekk til gode på om lag 5,6 mill. kroner.

Forslag til vedtak:

Samferdselsutvalet tek orienteringa frå fylkesrådmannen om driftssituasjonen på fylkesvegferjesambanda til orientering.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg

- 1 Driftsstatus 2017, traffikkutvikling målt i PBE
- 2 Disponeringsplan Fjord1
- 3 Disponeringsplan Norled